



**11. september frå klokka 12 til 18 vert det halde ei ny fritidsmesse i Husneshallen. Suksessen frå i fjor vert fylgd opp. Då hadde 50 lag og organisasjonar stands og aktivitetar. Men Uskedalen glimra med sitt fråver. Det er tilfelle også denne gongen. Kor vert det av dei ?**

Uskedalen er kjent som lags- og dugnadsbygd. Difor er det skuffande at vi ikkje er representert på annan måte enn via andre organisasjonar denne gongen heller. Idrettslaget, Festidalen og bedehusmiljøet er 3 aktuelle stikkord.

Eit nærliggjande døme på kva deltakinga kan gje var at Idrettslaget Ternen i fjor fekk ein premie på 5000 kroner for beste stand. Dei viste stor kreativitet og formidlingsevne.

Ungdommen valfarta i fjor til messa og gjorde seg kjent med tilboda.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal